



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 13.12.2018

Klokka 09.00 – 14.00

Stad: Kvam rådhus, Norheimsund

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører - møteleiar
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad: Formannskapsmedlem Stig Røkenes
Hardangerrådet iks: Styreleiar Toralv Mikkelsen
Rådmannsforum: Rådmann Thore Hopperstad

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Forfall:

Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører

Agenda:

09.00 – 14.00 Sakshandsaming

14.00 – 15.30 Julemiddag, Thon Sandven Hotel

Orienteringar:

Til sak 43/18: Adm.dir i Visit Hardangerfjord, Andreas Skogseth orienterte om søknad til Hardangerrådet.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Rådet godkjende handsaming av ekstra HR-sak 47/18 som siste sak i møtet.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsvaraordfører:

Solfrid Borge

Jon Larsgard

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 39/18 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 46/18.

- Invitasjon frå Kulturminnefondet til Hardangerrådet om fagtur til Røros.
- Invitasjon frå Sogn regionråd til møte for å drøfta felles interesser
- Invitasjon frå Regionrådet HAFS og Samarbeidsforum i Sunnfjord(SiS) til ERFARINGSSEMINAR OM GRUNNLAG FOR UTVIKLING AV REGIONRÅDA, Scandic Sunnfjord hotell, Førde, fredag 15. februar 2019
- Arbeid for fleire offentlege arbeidsplassar til Hardanger. Planlagt møte med prosjektleiar og ny fylkesrådmann Rune Haugsdal
- Orientering om møter vedr:
 - Fjordvegen Rute 13 sitt møte med stortingsbenkane for Hordaland og Rogaland
 - Møte med HFK vedr. turistbåtruta på Hardangerfjorden
 - Møte med Domstolkommisjonen
- Nye bompengesatsar - Uttale frå Hardangerrådet
- Våpenkontor

HR-sak 40/18 Meldingar

Brev frå Fylkesmannen vedr. prosjektskjøn vart omtala

Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande.

HR-sak 41/18 Tilskot til eigenkapital ved innmelding av nye medlemskommunar i Hardangerrådet.

Dagleg leiar orienterte om berekning av tilskotssum som er lagt til grunn. Diskusjon om innmelding skal vera samrøystes i rådet. Grunngeving er at selskapsavtalen må endrast og godkjennast på nytt.

Innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal godkjennast av rådet og vedtakast av kommunane.

Voss herad vil stå for 37% av inntektene.
Det vart uttrykt støtte til utgreiinga.

Vedtak:

Styret tilrår slik innstilling til Hardangerrådet:

Pkt 1.

Hardangerrådet vedtek at nye medlemskommunar ved innmelding betaler eit tilskot til styrking av eigenkapitalen i selskapet.

Tilskotet vert berekna slik: Ny medlemskommune betaler tilskot i samsvar med eigardelen i selskapet. Beløpet tek utgangspunkt i eigenkapitalbeløpet som vart innbetalt ved stiftinga av

selskapet i 1989 der 1% eigardel tilsvarar kr 1.000 i innskot. Justert etter konsumprisindeksen (kpi) vert dette kr 1.835 i 2018-verdi.

Dette gjev slikt innskot for Voss herad med 37% eigardel: $kr\ 1835 \times 37 = kr\ 67.895$.
Til frådrag på dette beløpet kjem Granvin herad sitt allereie innbetalte tilskot på 8%-eigardel som utgjer kr 14.680 i 2018-verdi.

Pkt 2.

Hardangerrådet vedtek slikt nytt kapittel 5 i selskapsavtalen:

KAPITTEL 5

INNMELDING/UTMELDING/OPPLØYSING

§18 Innmelding

Innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal godkjennast av rådet og vedtakast av kommunane.

Ved innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal den nye medlemskommunen ved innmeldinga betala eit tilskot til eigenkapitalen. Tilskotet skal vera i samsvar med eigar- og ansvarsdelen i selskapet. Kvar %-eigardel utløyser innbetaling på kr 1.000 i 1989-verdi. Beløpet skal justerast til noverdi i samsvar med konsumprisindeksen (kpi).

Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

HR-sak 42/18 Selskapsavtale for utvida regionråd frå 01.01.2020 Godkjenning av revidert selskapsavtale.

Vedtak:

Hardangerrådet godkjenner endringar i kapittel 5 i revidert selskapsavtale for Hardangerrådet frå 01.01.2020.

MRK. Ny selskapsavtale må godkjennast i herads/kommunestyre i alle medlemskommunane før 01.01.2020. (IKS-lova tillet at Ullensvang kommune og Voss herad handsamar selskapsavtalen i første herad/kommunestyremøte i 2020.)

Viser også til HR-sak 47/18 der det vart vedteke redusert oppseiingstid ved utmelding. Oppseiingstida vart redusert frå 12 til 8 månader. Dette betyr at utmelding må vedtakast seinast 30.04.2019 om den skal gjelda frå 01.01.2020.

HR-sak 43/18 Søknad frå Visit Hardangerfjord om omdisponering av kraftlinjemidler avsett til reiselivstiltak.

MRK Habiletet for møteleiar Jostein Ljones som har vore med og handsama saka i styret i Visit Hardangerfjord.

Jostein Ljones samrøystes kjend inhabil.
Lovheimel: Forvaltningslova §6 bokstav e.

Jon Larsgard vart vald til å leia møtet under denne saka.

Orientering frå Andreas Skogseth:

Overgang frå papir til digitale flater.

Innhenta opplysningar om den enkelte turist som vitjar regionen.

Rebrand Hardanger:

Ønskje om å løfta Hardangernamnet endå meir fram.

Kortare veg til produktet (målet) færre klikk på nettside.

Det pågår lik prosess i Bergen Reiselivslag. Samarbeid er planlagt.

Sjå på nye reisetrendar. Tidsfaktoren.

Grunnlag for å utarbeida ein besøksstrategi.

Mål med prosjektet er å framskaffa betre innsikt i marknadskanalar og turistane sine preferansar ift val av Hardanger som reisemål.

Kan dette prosjektet gje svar på korleis ein får størst mogeleg verdiskapning knytta til reiselivet og besøksnæringa?

Skal VHF gjennomføra dette prosjektet sjølv?

VHF vil gjera mykje sjølv, men i samarbeid med eksterne aktørar.

Prosjektet er planlagt gjennomført i 2019.

Innhenta mobiltrafikk via data frå basestasjonar.

Drøfting i møtet:

Ingebjørg Winjum bad om innspel om å utsetja saka.

Andreas Skogseth orienterte om tidsfaktoren ift. evt. utsetjing til neste rådsmøte 7.02.2019.

Vedtak:

Hardangerrådet godkjenner at avsette kraftlinjemidlar på kr 800.000 til aksjekjøp i Seaways vert omdisponert til VHF-prosjekt:

- Rebrand Hardanger
- Innhaldsproduksjon/content i Hardanger
- Kartlegging av dagens turistar i Hardanger

i samsvar med søknad.

Løyvinga føreset at Hardangerrådet vert haldne løpande orientert om framdrifta i prosjektet. 50% av løyvinga vert utbetalt ved prosjektstart og 50% etter mottak av sluttrapport.

HR-sak 44/18 Avsetnad av midlar frå kraftlinjemidlane til Hardanger ungdomsråd.

Trude Rinaldo orienterte om arbeidet i ungdomsrådet.

Runde rundt bordet om status vedr. ungdomsråda i kvar av kommunane.

Noko varierende korleis ungdomsråda fungerer, men hovudintrykk at råda er aktive. Dei får støtte frå sekretariat ift innkalling og referat. Ordførar deltar så sant det er mogeleg. Noko varierende mellom kommunane vedr. møtegodtgjersle. Gjennomgåande aktive ungdomsråd, men litt større utfordringar for kommunane som ikkje har vidaregåande skule i eigen kommune.

Vedtak:

Hardangerrådet støttar aktivt ungdomsarbeid i regionen gjennom Hardanger Ungdomsråd og løyver kr 200.000 for utført arbeid og vidare satsing. Midlane vert dekkja gjennom avsett løyving i Kraftlinjefondet, øyremerka ungdomsarbeid.

HR-sak 45/18 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.Odda kommune:

Etablering av hotell og bustader på Almerket
Kollektivknutepunkt i Smelteverkstomta. Turistkontor vert flytta hit.
Endring av Odda sentrum pga dette.
Gondolbane frå Odda sentrum til Rossnos (1407 moh).

Eidfjord kommune:

Ventar på svar frå KMD vedr. arealplan.
Sak om fleire parkeringsplassar i sentrum. Kaotiske tilhøve på enkelte dagar i turistsesongen.
SV på Stortinget har signalisert protest mot bru over Vøringsfossen.
Ny sjukeheim vert teken i bruk 1.01.2018
Tiltak vedr. toalett på Bu.

Ulvik herad:

Ny sjukeheim ferdig jula 2019.
Strategisk nærings- og utviklingsplan Folkemøte.
Kunstnarbustaden i Berlin. Støtte til søknad om alle Hardangerkommunane er med.

Jondal kommune:

Skuleutbygging. Skulen skal frå nyttår inn i brakkeskule.
Hotell i Jondal
Nytt velkomstsenter ved Folgefonna.
Småkraftprosjekt i Herand.
Stor investeringstakt i landbruket.
Ny ferje på sambandet Jondal - Tørvikbygd. MS Tidefjord.
Utbetring av ferjekaiane er naudsynt.
Biogassprosjekt. Prosjektrapport klar før 1. april.
Rapport frå Norconsult vedr. alternativ for tunnel mellom Jondalstunnelen og Folgefonntunnelen.

Granvin herad:

Prosjekt: Frå kommune til bygd. (I samband med kommunesamanslåinga)
Dette vert del av kommuneplanen.
Stor bustadbygging. Mange planar om bustadbygging. M.a. på stasjonsområdet.
Planar frå privat utbyggingsaktør om å kjøpa rest av ledige tomter i dette området.
Vossingar kjøper tomter i Granvin - positivt !
Ny barnehage.
Viktig å halda fokus på behovet for off.toalett ved Granvin bussterminal.

Ullensvang herad:

Oppstart Kråkevikparsellen etter nyttår.

Ferdig reguleringsplan Kinsarvik - Kyrkjeneset. Ventar på midlar.
Lysregulering i Berget skal evaluerast.
10 nye bustader for psykisk utviklingshemma.
Ferdigstilling av uteområdet ved Fjordhallen.
Reguleringsplan for Lofthus sentrum.
Skulestruktur Ullensvang vest. Ny skule på Aga eller utbetring av Hauso skule.
2019: prega av avvikling av Ullensvang herad.

Kvam herad:

Gransejusteringssak Ålvik - tilråding frå fylkesmannen om ikkje å gå vidare.
Nye tenester for svake brukargrupper.
Fv7 Øystese - Granvin - Kaos. Kontakt med HFK ift prioriteringar i Regional Transportplan.
Verneforslag for Øystesevassdraget.
Tokagjel Kraft er klart for utbygging.
Kommuneplan arealdel.
Rassikring Tokagjel - Planprogram vedteke.
ØH-senger for rus og psykiatri.
Prosjekt ved Hardanger Fartøyvernssenter - "Tett på"

HR-sak 46/18 Orienterings- og drøftingssaker

- Invitasjon frå Kulturminnefondet til Hardangerrådet om faktur til Røros.
Hardangerrådet ønskjer å ta imot denne invitasjonen. Solfrid Borge og dagleg leiar samordnar svar til Kulturminnefondet.
- Invitasjon frå Sogn regionråd til møte for å drøfta felles interesser
Rådsordførar og dagleg leiar deltar.
- Invitasjon frå Regionrådet HAFS og Samarbeidsforum i Sunnfjord(SiS) til ERFARINGSSEMINAR OM GRUNNLAG FOR UTVIKLING AV REGIONRÅDA.
Scandic Sunnfjord hotell, Førde, fredag 15. februar 2019
Invitasjon vert utsendt til rådsmedlemmene.
- Arbeid for fleire offentlege arbeidsplassar til Hardanger. Planlagt møte med prosjektleiar og ny fylkesrådmann Rune Haugsdal
Avklaring om nytt møtetidspunkt vert koordinert av dagleg leiar.
- Orientering om møter vedr:
 - Fjordvegen Rute 13 sitt møte med stortingsbenkane for Hordaland og Rogaland
Vidare arbeid mot fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vil verta prioritert. Viktig å påverka uttalar slik at desse vert mest moglege samordna for prioriteringar for Rv13.
 - Møte med HFK vedr. turistbåtruta på Hardangerfjorden
Spleiselag med kommunane og næringslivet må drøftast med det første. Administrasjonen vert oppmoda om raskt å starta samtalar med kommunane og næringslivet uavhengig av initiativ frå fylkeskommunen. Viktig å avklara i regionen kor store summar regionen samla kan bidra med i eit slikt spleiselag.
 - Møte med Domstolkommisjonen
Domstolkommisjonens leiar ber om innspel så tidleg som råd. Hardangerrådet må samordna seg med Samarbeidsrådet for Sunnhordland for ein felles uttale

om saka. Dagleg leiar får i oppdrag å finna tidspunkt for eit møte mellom HR og SfS.

- Nye bompengesatsar - Uttale frå Hardangerrådet
Nye bompengesatsar fører til trafikknedgang på t.d. Hardangerbrua. Bortfall av rabattar fører til at trafikken vert leda inn på andre korridorar.
Trafikktalet for Hardangerbrua og Hardangervidda vert skadelidande.
Fylkestinget har i sitt vedtak sagt at det skal vera ei snarleg vurdering.
Ein bør venta eit par månader før ein har gode nok erfaringstal til å bruka som grunnlag for ein uttale.
Saka bør drøftast i neste rådsmøte 7. februar 2019.
- Våpenkontor
Saka vart drøfta 12.12. i fellesnemnda i Ullensvang kommune.
Hardanger lensmannskontor skil seg ut på god og rask sakshandsaming.
Nasjonalt våpenkontor: Her må de arbeidast mot Politidirektoratet.
Det kan vera nyttig med ein ny støtteuttale frå Hardangerrådet.
Kan tenkja seg at Brønnøysund har digitalisering medan Odde har sakshandsaming.
Roald Aga Haug utarbeider utkast til uttale som ver sendt på epost

Ekstrasak

HR-sak 47/18 Redusert oppseiingstid ved utmelding frå Hardangerrådet.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet vedtek at oppseiingstid ved utmelding vert endra frå 12 månader til 9 månader.

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek at oppseiingstid ved utmelding vert endra frå 12 månader til 8 månader.

Møteboka godkjent 13.12.2018.

Jostein Ljones
Rådsvaraordførar

Rådsmedlem
Solfrid Borge

Rådsmedlem
Jon Larsgard